

Møteinnkalling

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	Grand hotel Terminus, Bergen. Møterom Bull
Dato:	13.12.2016
Tid:	09:00

Du vert med dette kalla inn til møte i valnemnda tysdag 13.desember 2016.

Program:

Kl. 9.00 – 09.05 Opning
Kl. 9.05 - Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall

Innkallinga gjeld valde medlemer i valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Kvamme
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 27/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 28/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 29/16	Regional plan for Hardangervidda - val av nytt medlem og varamedlem av Hardangerviddarådet	2014/11266	
PS 30/16	Søknad om permisjon frå fylkeskommunale verv	2016/402	
PS 31/16	Søknad om fritak frå verv og nyval	2016/402	
PS 32/16	Ymse		

PS 27/16 Godkjenning av møteinnkalling

PS 28/16 Godkjenning av møtebok forrige møte



Arkivnr: 2014/11266-20

Saksbehandlar: Snorre Waage

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	29/16	13.12.2016
Fylkestinget	119/16	13.12.2016

Regional plan for Hardangervidda - val av nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet

Samandrag

Regional plan for Hardangervidda er utarbeidd med utgangspunkt i bestillingsbrev frå Miljøverndepartementet 12. april 2007. Planen vart sluttbehandla med like vedtak i Hordaland, Buskerud og Telemark fylkeskommunar hausten 2011.

For å setje i verk intensjonane i planen vart eit oppfølgjande felles handlingsprogram vedteke i dei tre fylka våren 2013.

Det er vedtatt i handlingsprogrammet at Hardangerviddarådet skal vere eit politisk organ, som «skal bestå av ordførar frå alle Hardangervidda-kommunane og to fylkespolitikarar frå kvart fylke». Etter valet hausten 2015 er deler av Rådet skifta ut. Hordaland fylkeskommune har per i dag eitt medlem, med ein vararepresentant. Det er frå Rådets side ønskjeleg med to faste medlemmer frå kvar fylkeskommune, slik det er skissert i handlingsprogrammet. Det vart difor i samband med Hardangerviddarådet sitt årlege møte, 21.10.2016, bedt om at Hordaland fylkeskommune oppnemnar eitt nytt medlem, med ein vararepresentant, på lik linje som Buskerud og Telemark fylkeskommunar.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Hordaland oppnemnar med dette eit nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet. Hordaland fylkeskommune oppnemnar
 - a) XX som medlem
 - b) XX som varamedlem

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.11.2016

Regional plan for Hardangervidda er utarbeid med utgangspunkt i bestillingsbrev frå Miljøverndepartementet 12. april 2007. Planen vart sluttbehandla med like vedtak i Hordaland, Buskerud og Telemark fylkeskommunar hausten 2011. Planen vart etter dette, i medhald til Plan- og bygningslovens §8-4, sendt Miljøverndepartementet. Departementet melde i brev datert 16.07.2012 at dei har tatt planen til orientering.

Den regionale planen for Hardangervidda inneheld eit handlingsprogram med ein rekke prosjekt som skal sikre gjennomføring av intensjonane i planen. Prosjekt 1 i handlingsprogrammet for Regional plan for Hardangervidda er oppretting av eit Hardangerviddaråd. Arbeidet med utarbeiding av den regionale planen gjorde det tydeleg med viktigheten av ein felles arena der lokal og regional offentlig forvaltning kan drøfte oppgåver og felles utfordringar knytt til mellom anna arealforvaltning, næringsutvikling, motorferdsel og løypekøyning.

Med bakgrunn i dette vart det i regional plan for Hardangervidda foreslått å etablere eit Hardangerviddaråd, med følgjande skisserte oppgåver;

1. Følge opp Regional plan for Hardangervidda. M.a.:
 - være styringsgruppe for rullering av arealdelen
 - årlig behandling av handlingsprogram
 - oppfølging av prosjekter (omtalt i handlingsprogrammet)
2. Erfaringsutveksling om
 - praktisk oppfølging av regional plan på kommunalt nivå
 - andre kommunale forvaltningsoppgåver på Hardangervidda med sikte på mest mulig lik praksis
 - anna om Hardangervidda som medlemmene ønsker å drøfte
3. Dialog med eksterne aktørar. Viktige tema er:
 - forbetre vegnettet over Hardangervidda (Rv 7 og E134) både med omsyn til framkome og villreinens trekkmoglegheiter.
 - tale fjellandbrukets sak overfor sentrale mynde med sikte på å styrke forståelsen for dets spesielle utfordringar og arbeide for å få etablert særskilte rammevilkår og verkemiddel for dette landbruket.

Det vart vedtatt i handlingsprogrammet at Hardangerviddarådet skal vere eit politisk organ, som skal bestå av ordførar (eller ein annan sentral politikar) frå alle Hardangervidda-kommunane og to fylkespolitikarar frå kvart fylke. I tillegg vart alle tre fylkesmenn og leiar av villreinnemda anmoda om å bli medlemmer av Rådet.

Hordaland fylkeskommune oppnemnde to medlemmer til Hardangerviddarådet i forkant av konstituerande møte på Skinnarbu i Telemark, 11. oktober 2013. Det har blitt gjennomført årlege Hardangerviddarådsmøte i 2013-2016.

Etter valet hausten 2015 er deler av Rådet skifta ut. Hordaland fylkeskommune har per i dag eitt medlem (Linda Haugland Jondahl, Ap), med ein vararepresentant (Einar Lutro, H). Det er frå Rådets side ønskjeleg med to faste medlemmer frå kvar fylkeskommune, slik det er skissert i handlingsprogrammet. Det vart difor i samband med Hardangerviddarådet sitt årlege møte, 21.10.2016, bedt om at Hordaland fylkeskommune oppnemnar eitt nytt medlem, med ein vararepresentant, på lik linje som Buskerud og Telemark fylkeskommunar.

Fylkesrådmannen ber difor om at Fylkestinget oppnemnar til Hardangerviddarådet:

- a) XX som medlem
- b) XX som varamedlem



Arkivnr: 2016/402-4
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	30/16	13.12.2016
Fylkestinget	118/16	13.12.2016

Søknad om permisjon frå fylkeskommunale verv

Samandrag

Representanten Ragnhild Hoff Eilertsen, Arbeiderpartiet, søker permisjon frå verva som varamedlem i fylkestinget og varamedlem i utval for opplæring og helse frå januar 2017– juli 2017 då ho skal opphalda seg utanlands i samband med studiar.

Fylkesrådmannen finn å kunna tilrå permisjon og suppleringsval.

Forslag til innstilling

1. Ragnhild Hoff Eilertsen får permisjon frå vervet som varamedlem i fylkestinget og som varamedlem i utval for opplæring og helse i tida januar 2017 – juli 2017.
2. For den tida Eilertsen har permisjon vert det gjort slikt val:
 - a. Varamedlem i utval for opplæring og helse:.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.11.2016

Representanten Ragnhild Hoff Eilertsen, Arbeiderpartiet, skriv 31.10.17:

«Jeg søker herved permisjon fra fylkestinget fra januar 2017-juli 2017 grunnet studier utenlands. Hvis det trengs noe dokumentasjon eller noen form for bevis sender jeg gjerne dette.»

Rettsleg grunnlag

Fritak og permisjon frå fylkeskommunale verv er omhandla i kommunelova § 15 der nr 2 lyder:

”2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet.”

Nemnde regel gir fylkestinget høve til å frita ”den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet”. Om innhaldet i denne regelen uttalar departementet i Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) (vallova) m.a.:

”Selv om det er tale om «uforholdsmessighet» er det dessuten ikke gitt at vedkommende har krav på fritak, jf. lovens uttrykk «kan». Departementet understreker at det uansett skal mye til for at fritak skal kunne innvilges. Det antas således at de tilfelle hvor fritak kan forsvares ikke vil by på tvil.”

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

”Fritak er betinget av at vedkommende ”ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet”. Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet ”belastning” som alternativ til ”vanskelighet”, kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

”Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet ”uforholdsmessig vanskelighet” rekker og foreslår derfor formuleringen ”...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning* ...” for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.”

Vurdering

Representanten Eilertsen skal opphalda seg i utlandet. Det er sagt i førearbeida til lova at det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for fritak. For Eilertsen vil møteplikt i fylkeskommunale organ kunna verta ei belastning både m.o.t. tidsbruk og kostnader, slik fylkesrådmannen ser det. Etter fylkesrådmannen si vurdering må vilkåret for fritak vera oppfylt, og det blir rådd til å gi fritak. Det kan også visast til tidlegare praksis der det er gitt fritak på grunn av utanlandsopphald (jfr. FT-sak 65/06, 66/09, 63/12 og 51/16).

Dersom Eilertsen får permisjon frå verva, bør det gjerast suppleringsval for vervet i fylkestinget og i utval for opplæring og helse i den tida ho har permisjon. Kommunelova § 16 Opprykk og nyvalg regulerer forholdet i pkt. 5:

«5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan

kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.»

Fylkesvalstyret føretek nytt valoppgjør for val av ny varamedlem til fylkestinget når fylkesordføreren finn det nødvendig.



Arkivnr: 2016/402-3
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	31/16	13.12.2016
Fylkestinget	117/16	13.12.2016

Søknad om fritak frå verv og nyval

Samandrag

Representanten Kirsten Syljeset, Høyre, søker om fritak frå alle verv i Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår til at representanten får fritak basert på arbeidssituasjon.

Forslag til innstilling

1. Kirsten Syljeset får fritak frå verva som medlem i fylkestinget for perioden 18.07.16-15.07.17, varamedlem i fylkestinget frå 16.07.17, medlem i utval for miljø og samferdsel og medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne resten av valperioden.
2. Fylkestinget gjer slike nyval:
 - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk (for Dan Stian Femoen i perioden 18.07.16-15.07.17):
 - b) Medlem i utval for miljø og samferdsel:
 - c) Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.11.2016

Representanten Kirsten Syljeset, Høyre, har i e-post 18.10.16 søkt om fritak frå fylkeskommunale verv. Ho skriv:

«Som dere vet så har jeg i hele år hatt utfordringer med å stille på politiske møter.

Da jeg sa ja til å stå på Hordaland Høyre sin liste til fylket - var situasjonen en helt annen for meg - da hadde jeg en arbeidsgiver som var positiv til dette.

...

Januar 2016 etablerte jeg eget firma - innenfor samme bransje som jeg jobbet (forsikringsagentur) - dette tar mye tid, så derfor har jeg måttet avlyse mange av de politiske møtene.

Når alle møter foregår på dagtid - så blir dette en utfordring når man skal bygge opp et firma. Jeg har flere ansatte som skal følges opp, og jeg taper penger når jeg selv ikke kan være tilstede å selge.

Har søkt om å få dekket tapt arbeidsfortjeneste - men siden jeg ikke har noen næringsoppgave å vise til - så er dette blitt avslått.

Jeg synes ikke situasjonen er tilfredstillende for hverken meg, Høyre eller dere - dette skaper uforutsigbarhet for alle parter - og dette har jeg også skrevet om i mail tidligere.

Så på grunnlag av dette - søker jeg om fritak fra politiske verv - jeg kan ikke se at det er hensiktsmessig for noen av partene at jeg må "melde avbud" fra gang til gang.

Jeg er klar over at møteboken ble publisert tidlig - men en endring i arbeidssituasjon kan man ikke forutse.

Håper med denne søknad på at det kan innvilges fritak for alle politiske verv for resten av perioden.»

Syljeset har følgende verv i fylkeskommunen:

- Medlem i fylkestinget for Dan Stian Femoen i perioden 18.07.16-15.07.17
- Varamedlem til fylkestinget resten av perioden
- Medlem i utval for miljø og samferdsel
- Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Det vert lagt til grunn at representanten søker om fritak frå resten av valperioden.

Rettsleg grunnlag

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

"2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet."

Nemnde regel gir fylkestinget høve til å fritta "den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet". Om innhaldet i denne regelen uttalar departementet i Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) (vallova) m.a.:

"Selv om det er tale om «uforholdsmessighet» er det dessuten ikke gitt at vedkommende har krav på fritak, jf. lovens uttrykk «kan». Departementet understreker at det uansett skal mye til for at fritak skal kunne innvilges. Det antas således at de tilfelle hvor fritak kan forsvares ikke vil by på tvil."

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

"Fritak er betinget av at vedkommende "ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet". Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet "belastning" som alternativ til "vanskelighet", kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

"Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet "uforholdsmessig vanskelighet" rekker og foreslår derfor formuleringen "...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ..." for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende."

Vurdering

Som ein kan lese frå kommunelova og kommentarane til denne skal det ei viktig grunn til for at ein skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarene til kommunelova vert det vist til at «Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører.» Representanten Syljeset visar her til at det er fleire grunnar til at arbeidsforholda gjer det byrdefullt å oppfylle dei pliktar vervet førar med seg; til dømes at ho har starta nytt firma, har fleire tilsette å ta seg av og at ho tapar økonomisk på å oppfylle vervet.

Hordaland fylkeskommune har tiltak for å sjå til at ein ikkje skal tape på å ha eit politisk verv i fylkeskommunen, blant anna ved møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. Dette vert regulert av «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune». Angående tapt arbeidsforteneste vert det sagt:

«5.1.2. Sjølvstendig næringsdrivande:

Sjølvstendig næringsdrivande får dekkta tap i inntekt med inntil kr 4.035,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå arbeidsgjevar/firma.

Utan dokumentasjon for tapt inntekt får denne gruppa erstatta kr 1.346,- pr dag.»

Representanten får difor dekkta tapt arbeidsforteneste utan dokumentasjon, som tilsvarar 1.346,- pr dag.

Fylkesrådmannen meiner at dersom ein ser på arbeidssituasjonen til representanten under eitt vil det vere grunn for å gi fritak for resten av valperioden. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt fritak og føreteke nyval.

Dersom Syljeset får fritak frå verva, bør det gjerast nyval for resten av valperioden. Kommunelova § 16 Opprykk og nyvalg regulerer forholdet:

«3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer.

Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.»

Fylkesvalstyret foretar nytt valoppgjør for val av ny varamedlem til fylkestinget når fylkesordføreren finn det nødvendig.

PS 32/16 Ymse